



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Elisabeth Aune, 55572208

Vår dato
24.09.2010
Dykkar dato

Vår referanse
2010/2869 542.1
Dykkar referanse

Mottakarar i følgje adresseliste

Vedtak om oppfølgjande årleg overvaking av Skogseidvatnet

Utsleppsløyva til den enkelte aktør i Skogseidvatnet kan vere litt ulikt utforma. For å sikre at alle oppdrettarane i Skogseidvatnet har like vilkår i forhold til krav om overvaking av miljøforholda i Skogseidvatnet, har vi valt å fatte eit nytt vedtak om oppfølging.

Vedtak

Samleге verksemder som driv oppdrettsaktivitet i Skogseidvatnet pliktar å samarbeide om årlege resipientgranskingar/overvakingssystem.

Vedtaket er fatta med heimel i § 51 i forureiningslova, der det heiter at verksemda pliktar å kosta eller delta i dei granskingar som Fylkesmannen finn turvande for å kartlegge forureiningseffekten til anlegget.

Data som kjem fram av denne overvakinga skal registrerast i fagapplikasjonen Vannmiljø. Registrering av data kan skje direkte i denne basen <http://vannmiljo.klif.no/> (elektronisk registreringsskjema) eller ved å importere data på spesifisert format (Excel-importskjema) som forklart på nettsida <http://vannmiljokoder.klif.no/>.

Klage

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif), jf forvaltningslova. Send klagen til Fylkesmannen i Hordaland innan tre veker etter at vedtaket er mottatt.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller Klif etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal gjelde før klagen er endeleg avgjort, jf § 42 i forvaltningslova.

Partane i saka har etter forvaltningslova §§ 18 og 19 rett til å sjå saksdokumenta. Fylkesmannen kan på førespurnad gi nærmare opplysningar om sakshandsaminga.

Med helsing

Hallvard Hageberg e.f.
Fung seksjonssjef

Elisabeth Aune
rådgjevar

Adresseliste:

Bolstad Settefisk AS		5640	EIKELANDSOSEN
Eide K.J. Fiskeoppdrett AS		5640	EIKELANDSOSEN
Bolstad Settefisk AS		5640	EIKELANDSOSEN
Tveitnes Fiskeoppdrett AS	c/o Sævareid Fiskeanlegg AS	5645	SÆVAREID
Drageid Laks AS		5640	EIKELANDSOSEN
Tombre Fiskeanlegg AS		5640	EIKELANDSOSEN
Igland Bruk AS		5694	ONARHEIM